



Rauland Historielag

Adresse: 3864 RAULAND
Bankgiro: 2620.27.18204
Org.nr 988 712 426
E-post: mail@raulandhistorielag.no

Årsmelding 2017

Styret har hatt fylgjande samansetting dette året:

Leiar	Birger Kjellingtveit
Nestleiar	Gunn Gardsjord
Skrivar	Asbjørn Gardsjord
Kasserar	Øyvind Solbakken
Bokansvarleg	Solveig Loftsgarden
Styremedlem	Reidar Bitubekk
Varamedlemmer	Ingrid Skjøtskift Tone Haugen Lognvik
Valnemnd	Halvor Vasshus Torunn Dagalid Kari Hallsten
Revisorar	Torill Nicolaisen Sigrid Nykos

Arbeid i laget.

Siste året har styret hatt 8 møte. Medlemsmøta har gått over til temakveldar med svært godt oppmøte. Det er ei eiga gruppe som står for temakveldane med ulike tema. Temakvelden er sett til 3. tysdag i månaden i vinterhalvåret.

Medlemstalet er nokså stabilt, det ligg på rundt 150 medlemer.

Falkeriset og Krontveit bustadfelt.

Det har ramla ein del tre over den eine vikinggrava, og desse bør fjernast. Dette har me fått lov til av arkeologiavdelinga ved Telemark fylke, men hausten kom for fort på oss. Me tek det til våren når snøen gjeng.

Kulturminnedagen

Historielaget tok ikkje del i markeringa dette året.

Temagruppa

Denne gruppa har siste året hatt fem aktive medlemer: Asbjørn Gardsjord (leiar), Torunn Dagalid, Kari Halsten, Sindre Hestdalen og Olav Nystog.

Gruppa har arrangert temakveldar med lokalhistoriske emne, og gjennom året 2017 blei det tilsammen 6 opne kveldsmøte:

- 17.01.17 Songa-utbygginga, ved Birger Kjellingtveit
 21.02.17 Verdsarven Møsvatn - Rjukan - Notodden, ved Øystein Haugan
 21.03.17 Om livet på Møsstrand, ved Svein Poulsson
 18.04.17 Motstandsarbeid i Vest Telemark, ved Svein Vetle Trae
 17.10.17 Rikard Berge fotoarkiv, ved Tor Kjetil Gardåsen
 21.11.17 Hauglandbrørne frå Rjukan, ved Trond Aasland

Temakveldane er på Raulandsakademiet i Vesaassalen. Det har vore godt frammøte, mellom 50 - 90 pr. gong. Inngangspengar Kr. 100, inkl.servering av kaffe og kake, har medført eit lite underskot. Ein har derfor frå 2018 auka prisen for ikkje-medlemer til Kr. 150, medan medlemene betaler Kr. 100.

Bygdekunstgruppa

Denne gruppa har hatt fylgjande medlemer: Gunn Gardsjord (leiar), Wenja Rui, Margit Lognvik og Vesla Landsverk.

Etter avslutninga av Hilda og Einar Tjønn-utstillinga i mars 2017, var det utstillingspause medan ein venta på avklaring om Sondov-lokalet. Ny drivar av kunstgalleriet der har sagt seg viljug til samarbeid om nye bygdekunstutstillingar.

Kunsten i Raulandshuset fekk eit lite lyft med opphenging av det restaurerte silketrykket "Totak" av Manni Kleiv, i trappegangen til idrettshallen, og førebels opphenging av to større måleri av Dyre Vaa på bakveggen i festsalen. Alt med god hjelp av vaktmeistrane.

Gruppa stod bak ein spurnad til Vinje kommune om oppussing av festsalen i Raulandshuset, og historielaget har fått svar om at det må skje innanfor det årlege budsjettet.

Lokalhistorisk arkiv på Raulandsakademiet.

Historielaget hadde eit mellombels ansvar for opningstidene av arkivet kvar måndag kl 10-13:45 fram til mai 2017. Solveig Loftsgarden stod for dette sammen med ein medhjelpar frå laget, etter liste.

Frå hausten 2017 har Vinje Kommune engasjert Juan Gutierrez som arkivar to gonger for månaden.

Støtte til tur for elevar ved Rauland skule

Laget har som tidlegare år ytt kr 6 000 til tur for elevar til konsentrasjonsleiren i Auschwitz. Dette er eit opplegg i undervisninga for elevane ved Rauland skule.

Turprogram.

Turen dette året gjekk til Danmark og Århus i tida 22.- 25. mai. Dei 27 deltakarane fekk ein fin tur. Men det var heller kjøleg, særleg på teaterframsyninga i friluft. Det var Kjetils Tur som kørde, og me tok ferja Kristiansand - Hirtshals.

Olsokvandring 29. juli 2017:

Grav	Gravplass	Forteljar	Tlf
Bjørn Vasshus	B.2.13	Halvor Vasshus	35 07 31 96
Olav Lofthus	B.2.24	Gulleik Lofthus	99 35 38 13
Vetle Hamarsnes	B.4.22	Olav Hamarsnes	90 13 45 41
Johans Storlid	B.6.32	Einar Pedersen	98 25 10 91
Odd Øygarden	D.1.13	Asbjørg Øygarden	41 50 98 75

Årsskrift 2017.

Me rakk ikkje å få ut årsskrift dette året.

Skriftstyret ved Asbjørn Gardsjord (leiar), Alv Seltveit og Johan Vaa er i arbeid med årsskrift til utgjeving til hausten 2018.

Vitjing av Skien Historielag

9. des. 2017 fekk me vitjing av vel 40 medlemmer frå Skien Historielag. Dei vart mottekne av Margit til omvising på Nord-Lognvik, og Birger og Gunn synte fram Raulandshuset og kunsten der, Draumkvedesalen i det gamle kommunehuset og Rauland kyrkje. Dei var også ein runde nedom Telemarkstunet før avsluttande middag på Raulandstoga.

Rauland Historielag har fått tilbod om attvitjing.

Boksalet i 2017.

Laget gav ikkje ut eige årsskrift for 2017, men hjelpte til med salet av boka Attersyn av Øystein Kostveit.

Salet av bøker går jamnt og trutt på dei ulike salsstadene, som er: Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Vinjebue, Haukelitunet, Nærbutikken i Åmotsdal, Kviteseid Bok og Papir, Ark Bokhandel Seljord, Akademika Bø.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til <birgerkj@gmail.com>

Laget på nettet.

Heimesida til laget fungerer. Leiaren vil også påstå at stort sett er ho oppdatert. Me ser aktiviteten på sida, og den er ikkje dårleg. Enkelte dagar kan det vere mellom 30 og 40 som er innom

For medlemmene er det lurt å fylgje med på denne sida. Her skal all informasjon frå laget stå.

På Facebook går det enno ei stund før me er der, trur eg. Det må heilt sikkert bli neste leiar.

Økonomien i laget

Økonomien i laget er brukbar. Men me bør heile tida tenkje økonomi. Det er sal av bøkene som danner grunnlaget for økonomien vår. Finn me aktuelle emne som interesserer, går bøkene unna.

Laget skal bruke pengar på gode tiltak, men økonomisk ryggrad er også godt å ha. Då kan ein gå i gang med prosjekt som truleg ikkje vil gjeva økonomisk utteljing, men som likevel er viktige for bygdesamfunnet vårt. Dette meiner ein laget har gjort til no. Men laget er alltid ope for nye tankar og idear til prosjekt ein bør ta tak i framover.

Takk for året som gjekk

Som leiar vil eg takke for eit godt år i laget, alle styremedlemmene, medlemmene i laget, folk generelt i Rauland og Vinje kommune v/kultureininga. Det er svært ofte hjelp og god velvilje å få. Det er sjeldan medlemmer i styret eller redaksjonskomitèen får negative svar på bøn om bistand. Slik blir det triveleg å arbeide i laget, og det gjev ei god kjensle av at mange set pris på det arbeidet me gjer for bygdemiljøet.

Historielaget vil minnst med takk Øystein Kostveit som døydde 93 år gamal den 14.09.17, etter mange års innsats for historielaget og eit livslangt arbeid for kunst og kultur i Rauland.

Birger Kjellingtveit.

